

Numedalslaget

NUMEDØLEN



November 2021



numedalslaget i oslo

Valdreslaget og Numedalslaget

RAKFISKFEST/ RÅKÅFISKFEST

med alt som høyrer til

Runddans til musikk av Terje Rusten og Stein Magne Eggen

Bygdedans til musikk av Sindre Tronrud og Mattias Thedens

**Fredag
3. desember
2021**

**Kl. 19.00
Halli**

**BLS
Nordahl Bruns
gate 22, Oslo**

Påmelding og betaling før 1.12.21
til Valdreslaget i Oslo sin
Konto: 0540.08.09331
Vipps: 10275



valdreslaget@gmail.com



991 69 602 /Bjarte




bjorg.tora.undebakke@gmail.com



977 54 018 /Björg

Pris: 400,- for mat,
godt drikke og god
dansemusikk.
350 for medlemmer





numedalslaget i oslo

Oppdateringar på heimesidene for Numedalslaget

Laget jobbar stadig med å legge ut ny informasjon på heimesidene. Det er spesielt historisk materiale knytt til Råkåfiskfesten, Numedølen og hytta vi har lagt ut dette året. Mange gamle nummer av Numedølen er nå skanna inn og lagt ut. Ta eit blikk på sidene våre her:

www.numedalslaget.no



Numedalshytta, 11. august 2021, foto Svein Aasen

Innkalling til årsmøte i Numedalslaget i Oslo 7. mars 2022

Styret kallar med dette inn til årsmøte måndag 7. mars kl. 19.30 i Nordahl Brunsgt. 22 (lagsrommet i kjellaren).

Saksliste:

1. Opning
2. Val av ordstyrar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Godkjenning av innkalling og saksliste
4. Årsmelding 2021
5. Rekneskap 2021
6. Medlemspengar for 2023
7. Innkome framlegg
8. Val

Framlegg må vera styret i hende seinast 20. februar 2022.



Numedalshytta

Vi viser til «Numedølen» 2020 side 5, befaring med nabogrunneierne 10/6 2020, sammen med kopi av deler av skylldelingsforretningen til gnr 114/38 datert 17/10 1942 og kart med tilstøtende naboeiendommer. Og lengdemål angitt i skylldelingsforretningen. Likeledes til kontrollmåling mellom grensepunktene 11/9 2020, da vi tror vi fant grensepunkt nr. IV, som vi hadde lett etter i mange år. På lagets hyttetur 12/6 i sommer ble noen av mannfolka med på kontrollmåling mellom merkepunktene IV og V, og det stemte på meteren.

I samråd med naboeiendommene med felles grenser, tok undertegnede kontakt med Bærum kommune, oppmålingsvesen, avd. oppmåling og matrikkel. De opplyste at de hadde målebrev med tilstøtende eiendomsgrenser for gnr 114/47 (på Numedalslagets kartskisse vedlagt merket V-I) og gnr 114/19 (merket II-III). De anbefalte oss å bestille oppmålings forretning for klargjøring av eksisterende grenser for vår eiendom gnr 114/38. Eiendommen vil da bli oppmålt og registrert i matrikkelen med sikre grenser. Grensepunktene blir merket i marka med bolter og koordinatbestemt.

En prisantydning på ca. kr 16 000, noe vi mente var akseptabelt.

I samråd med styret er det nå bestilt oppmålingsforretning fra Bærum kommune for klargjøring av eksisterende grenser for Numedalslagets eiendom gnr 114/38.


Undertegnede var sammen med representanter fra oppmålingsvesenet på befaring 7/10 i høst og påviste grensepunktene I-V i terrenget, som vi er enige om og i samsvar med skylldelingsforretningen fra 1942.

Får vi nå en fin høst fremover er det håp om at grensemerkingen kan blir ferdig i løpet av året.

Rykkinn, 28. oktober 2021.
Levor J. Traaen.



numedalslaget i oslo



Numedalslagshytta lagets stolthet

Noe om hyttas historie er det skrevet om i Numedalslagets jubileumsbok 75 år;

- De første årene blant annet kjøpet 1952 v/Olav Bråthen side 97 – 102.
- Dugnadsarbeidet 1967 – 83 v/Levor J. Traaen side 150 – 152.

Da eiendomsgrensen nå forhåpentlig er i orden og merket i marka, hva skjer videre?



I 1980 årene kom det tilbud om kjøp av hytta for ca. kr 100 000 og med forslag om å kjøpe hyttetomt på Tjøme. Flere av de eldre lagsmedlemmene, som var med på kjøpet 1952, var imot å selge hytta. Hytteeiendommens verdi har vel ikke blitt mindre med årene. Tilfeldig ble jeg sommeren 2020 på «Finn.no» oppmerksom på en salgsannonse i Lommedalen

«En solrik utsikttomt, areal ca. 5,5 da. med prisantydning kr 20 000 000». Denne ligger hva jeg forstår i lia nedenfor Numedalslagets eiendom og utenfor markagrensen.

Det er tydelig at her står det bak noen med penger og eiendomsspekulanter som kjøper opp utmarksarealer med tanke på den dagen markagrensen kan blir endret og arealet kan åpnes for boligfelt. Numedalslagets eiendom her vil da være ideelt til dette formål

Etter min mening bør vi være oppmerksom på å ikke tillate å fradele utsikttomt (er) ved hytta, disse er selve rosinen og ettertraktet og vil kunne redusere verdien på resten av arealet. *Det gjelder og være våken og følge med. Den som lever får se som det heter.*

Dette er noen tanker og forhåpentlig gledelig med tanken lagets fremtidige økonomi.

Rykkinn, 30. oktober 2021
Levor J. Traaen

Tur til Numedalshytta 12. juni

Lørdag 12. juni var det igjen tid for vårtur til lagshytta vår i Lommedalen. 13 blide Numedøler og andre venner av laget klarte å finne fram til den lille hytta oppi åsen.

Som vanlig hadde vi fint vær, og vi kunne benke oss ute på den romslige terrassen med spekemat og deilig rømmegrøt som Walborg sto for.

Etter maten viste Levor oss noen grensemerker, og mannfolkene ryddet litt småskog og kvistet trær for å prøve å finne retningen på grenselinjene mot naboene.



Avstanden mellom grensepunktene varierer fra 50 m til ca 110 m. Det er tett skog slik at det ikke er mulig å få fri sikt fra ett grensepunkt til neste.

Etter hvert kom også naboen på Døvehytta.

Dagen ble avsluttet med boller, kannelsnurrer og kaffe og løfte om ny tur neste vår :)

Disse deltok:

Walborg Ulbaasen Tuft

Sigrun Ulbaasen Tuft

Nils og Lily Dahl Ulbaasen

Per Tuft

Levor og Ingebjørg Traaen

Svein Aasen

Kjersti Aasen

Elin Walby

Aasmund Flo

Bjørg Tora Undebakke

Yngve Lien (nabo)



Hytteturen 12. juni 2021, foto Svein Aasen



Referat frå årsmøtet 8. mars 2021

Desse deltok: Nils Øyvind Bergset, Bjørg Tora Undebakke, Svein Aasen, Kjersti Aasen, Aasmund Flo, Kato Johansen, Kenneth de Gala.

1. Opning

Nils Øyvind Bergset opna møtet og ønskte velkommen. Grunna koronapandemi vart møtet halde digitalt.

2. Konstituering

Møteleiar: Nils Øyvind Bergset, referent: Bjørg Tora Undebakke, skrive under på protokoll: Kjersti Aasen og Svein Aasen

3. Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen kommentarar til innkalling/sakliste

4. Årsmelding 2020

Årsmelding 2020, som og omfatta Folkedansgruppa, vart lese opp av Nils Øyvind Bergset.

Årsmeldinga vart godkjend.

5. Rekneskap

Kasserar Svein Aasen gjekk gjennom rekneskapen for 2020, underteikna av kasserer og revisor 06.03.2021.

Rekneskapen for 2020 vart godkjend.

6. Medlemspengar 2022:

Inga endring:

Vaksne: kr 350, barn/vaksne 14-25 år: kr 150, barn under 14 år: kr 50. Bimedlemmar (hovudmedlem i eit anna NU-lag): kr 175.

Om NU/BLS endrar sin kontingent, kan Numedalslaget og endre i same takt.

7. Inkomne framlegg



Ingen inkomne framlegg.

8. VAL

Årsmøtet gjekk til val på forslaga frå valkomiteen v/ Bjørg Tora Undebakke.

Ragnhild Landerud gjekk ut av styret og Kenneth de Gala kom inn.

Levor Traaen tok attval til Hyttestyret og Hedersmerke/Fortenestemerkekomiteen, men FOR EITT ÅR.

Alle andre som var på val tok attval.

Det vart vedtatt at valkomiteen frå no kan bestå av to personar.

Varamedlem, revisor og valkomite blir valde for eitt år, dei andre for to år om ikke anna er avtala.

Valet blei vedtatt etter forslaga frå valkomiteen.

Utsending til årsmøtet i BLS 17/3: Svein Aasen. Nils Øyvind Bergset varamann.

Utsending til landsmøtet i NU 24/4: Svein Aasen. Vara Kjersti Aasen. Landsmøtet vert digitalt og gratis.

Styret takkar alle som har bidratt på arbeid og aktivitetar i laget.

Styret takkar spesielt Ragnhild Landerud som har sete i styret sidan 2003, men gjer seg no. Blomst vert sendt.

09.03.2021

Bjørg Tora Undebakke (sign)


referent

Kjersti Aasen (sign)

Protokollvitne

Svein Aasen

Protokollvitne



Styret

Styret sidan årsmøtet i 2020:

Kasserar: Svein Aasen

Styremedlemmer: Ragnhild Landerud, Nils Øyvind Bergset, Kjersti Aasen og Bjørg Undebakke

Varamedlem: Tormod Haug

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.

Svein Aasen var kontaktperson til BLS og NU. Han er og medlem i Folkedansnemnda i BLS. Svein Aasen deltok på leiarmøter. Svein Aasen og Kjersti Aasen deltok på årsmøte i BLS.

Laget har hatt eit hyttestyre og ei nemnd for heidersmerke/fortenestemerke.

I meldingsåret hadde laget 17 medlemmar. Av desse er 3 bimedlemmar (hovudmedlem i eit anna lag i NU/BLS). 15 av medlemmene er over 26 år, 2 er barn. Laget har 5 æresmedlemmar: Reidun Kjønnaas, Knut Kjønnaas, Jøran Stryse, Levor Traaen og Svein Aasen.

I meldingsåret har styret ikkje hatt styremøter men har hatt kontakt via e-post.

Årsmøtet var 2. mars og 6 medlemmer møtte opp.

Laget nyttar heimesidene på nettet til å informere om aktiviteten og reklamere for arrangement. Heimesidene kom i ny utgåve på våren og sommaren. Grunnen til dette var at den gamle leverandøren, Numedalsnett, la ned verksemda si. Dei nye heimesidene er levert av WordPress via ei avtale med BLS. Det er lagt ned ei arbeid i å oppdatere heimesidene med historisk informasjon om styremedlemmer, Rååkåfiskfestar og gamle nummer av Numedølen.

Folkedansaktiviteten har ei eiga sida på Facebook. Lagsavisa "Numedølen" kom ut med eit nytt nummer i desember.



numedalslaget i oslo

Råkåfiskfest

Styret i Numedalslaget kunne dessverre ikkje arrangere tradisjonell råkåfiskfest på Røa i januar 2020. Vi arrangerte i januar i 2019 ein vellykka jubileumsfest, og håpar den kan bli ståande som ei verdig avslutning på tradisjonen med fest på Røa. Vi håpar at det skal være mogleg å fortsette tradisjonen med råkåfiskfest i ei eller anna form. Oppslutningen om råkåfiskfesten har vore dalende over lang tid, samtidig som kostnadene til f.eks. husleige har auka. Festane har gått med underskot i mange år og vi har dessverre ikke lukkast med å rekruttere nye festdeltakarar. Numedalslaget i Oslo har ikkje så mange medlemmar lenger, så det er få personar å rekruttere blant når vi skal ha dugnadsmannskap. Publikum på festen har ulike grunnar til å komme: dei fleste er der for maten, nokon er der for å møte gamle kjende, nokon er der for festtalen og andre er der for dansen. Mange har hatt tilknytning til Numedal, men slett ikkje alle. Dette har bidrege til å gjøre det vanskeleg å markedsføre festen.

Styret jobba i 2020 med å kunne arrangere råkåfiskfest i eit anna format i starten av desember. Vi hadde tanke om å arrangere fest i samarbeid med Valdreslaget i Oslo med eit fokus på mat og dans. I 2020 stoppa koronapandemien heile tanken om Råkåfiskfest, men styret jobbar med moglegheitene for å fortsette med denne festtradisjonen hausten 2021.

Lagshytta

Hyttestyret for 2020 var: Sigrid Prestmoen Talleraas, Walborg Tuft, Tormod Haug og Levor J. Traaen, sistnevnte har fungert som formann.

2020 vore eit aktivt år for hyttestyret med tur, oppussing av tak og grenseoppgang. Det er utført om lag 100 dugnadstimar på hytta i 2020.

Eit referat frå befaring og oppmerking av eigedomsgrensa for hytta er gjengjeve i Numedølen frå desember 2020. Befaringa tok utgangspunkt i kart frå Bærum kommune viser at det er 4 eigedomar som har felles grense til gnr. 114/38. Det er; gnr. 114/3, gnr. 114/5, gnr. 114/19 og gnr. 114/48. Grunnlag for grenseoppgangen var:

- Numedalslaget i Oslo skylddelingsforretning datert 12. okt. 1942 med grensebeskrivelse av gnr. 114/38.



- Kart 1:1000 Bærum kommune med inntegnet eiendomsgrensen for gnr. 114/38 med angitt grensepunkt 1 – V samsvar med skylddelingsdokumentet

Følgjande deltok på befaringa/grenseoppgangen: Lars Martin Trulsrud (gnr 114/3), Eileen Hegna Wold og Lars Øyvind Larsen (gnr. 114/19), Svein Aasen og Levor J. Traaen (gnr, 114/38), Egill Bø (gnr. 114/47). Dessuten deltok Yngve Lien, på Døvehytta som frivillig kjentmann og nabo i området.

Det ligg også føre eit referat frå kontroll av grensemerkene 11. september 2020. Alle grensepunkta I – V er funne, med unntak av III, kor det trengs ei ny kontrollmåling.

Det er planlagt ei ny befaring/grensemerking med grunneigarane på bnr. 3, 19 og 38 i løpet av våren 2021 for å få alle grensepunkta I-V varig merket av Numedalslaget på dugnad.

Det er innhenta tilbod på koordinatbestemmelse og varig sikring av grensemerker fra to firma, OMS Oppmåling AS og ScanSurvey. Da vi nå har funne grensemerkene, som er beskrevet i skyldelingsforretningen til Numedalslaget frå 1942, er det førebels ikkje naudsynt å utføre arbeidene med koordinatbestemmelse av grensemerkene.

Hyttestyret vil våren/sommaren 2021 på dugnad sørge for at grensemerkene, som nå er funne, blir varig merka og sikra for framtida.

13. juni var det tur til Numedalshytta. Det var ein vellykka, tur og mange møtte opp. Inspeksjon av hyttetaket viste dessverre store langsgående sprekker i pappen på sydsida (solsida). Inne var det fuktighet i 2 hjørner ved overgang tak vegg på solsiden. Det var einighet om at taket måtte tekkas på nytt i løpet av sommaren og at arbeidet utføres på dugnad. Det vart derfor fleire turar på hytta for ein del folk. Detaljane i oppussinga er gjengitt i Numedølen frå desember 2020.

20. juni tettar Svein resten av sprekkane med 2 liter tetningskitt.

1. juli var Per Tuft og Svein på befaring og blei einige om at eksisterande papp beholdes og dei planlegg vidare reparasjonar.



numedalslaget i oslo

26. august var Lars Peder og Svein på Maxbo i Lommedalen og handla material og kjørte den opp på hytta.

29. august fekk hyttetaket eit nytt lag med papp og nye vannbord. Arbeida på taket blei utført av Øystein Dahl Johansen, Per og Svein. Walborg og Kjersti var bakkemannskap.

Folkedansaktiviteten

Folkedansaktiviteten i 2020 var svært hemma av koronapandemien som stogga all ordinær øving frå 12. mars. Dansing er noko av det vanskelegaste når det gjeld smittevern. Vi hadde nokre samlingar i september og oktober kor vi dansa kvar for oss og brukte tid på å sjå film. Nils Øyvind Bergset var instruktør på øvingskveldane våre. Kenneth de Gala spelar fast på øvingane.

I løpet av 2020 var det mogleg å gjennomføre 7 danseøvingar av dei planlagte 18. Totalt sett var det 42 frammøter på øvingane, ned frå 117 året før. I tillegg kjem spelemann og instruktør. Totalt har 12 ulike personar møtt fram. Av desse var det 3 gutar og 9 jenter. Gjennomsnittleg oppmøte var 6 personar per øving. Det minste tal frammøtte på ei øving var 4, og det meste var 8.

Folkedansgruppa var med og arrangerte Folkedanskveld to gonger. Då steikte vi vaflar, koka kaffi og trakta te i Nordahls Brunsgate 22 for eit dansande publikum. Vi tok og nokre gangar- og springarsteg i eit mikrokurs i pausa.

Folkedansgruppa har arrangert minikurs på folkedanskveldane:

- 12/1 i tango, 35 deltakere, instruktører Torunn og Arne Johansen
- 9/2 i swing, 25 deltakere, instruktør Hans Fosshagen.
- 1/3 i swing, 26 deltakere, instruktør Hans Fosshagen.

Kjersti Aasen og Svein Aasen deltok på markenskappleiken på Kongsberg 29. februar, rett før koronapandemien stogga all dans. Deretter vart alt av kappleikar, festivalar og framsyningar avlyst i 2020, er det lite og berette frå medlemmenes deltakelse der.



numedalslaget i oslo

Tillitsvalde 2021

Styret:		Tlf.
Kasserar:	Svein Aasen	48 29 99 81
	Haugerudhagan, 58, 0673 Oslo	
	e-post: sveinaasen47@gmail.com	
Styremedlem mer:	Kenneth de Gala	996 42 809
	Scheidemannshaugen 5, 3616 KONGSBERG	
	e-post: khdegala@gmail.com	
	Nils Øyvind Bergset	41 63 95 67
	Otto Ruges vei 35 B, 1361 ØSTERÅS	
	e-post: niloberg@online.no	
	Kjersti Aasen	98 06 21 65
	Erlendsvei 48, 0669 Oslo	
	e-post: aasenkjersti@gmail.com	
	Björg Undebakke	97 75 40 18
	Fallanveien 30 B, 0495 Oslo	
	e-post: bjorg.tora.undebakke@gmail.com	
Varamedl.:	Tormod Haug	908 54 279
	Kleiva 5, 3477 Båttstø	
	e-post: tormod.s.haug@gmail.com	
Hyttestyre:	Levor Traaen	67 13 47 19
	Rognebærstien 6, 1349 Rykkinn	48 86 64 25
	e-post: levorj@hotmail.com	
	Walborg Tuft	93 26 23 56



numedalslaget i oslo

Teppaveien 10 A, 0976 Oslo

e-post: wutuft@gmail.com

Sigrid Prestmoen Talleraas

90 01 99 70

Kittelsensvei 72, 1415 Oppegård

e-post: sigrid.talleraas@hotmail.com

Tormod Haug

908 54 279

Revisor: **Aasmund Flo**

91 62 78 71

Fallanveien 30 B, 0495 Oslo

aasmund.flo@gmail.com

Hedersmerke/

Fortjenestem
erke

Svein Aasen

48 29 99 81

Levor Traaen

67 13 47 19

Valkomite: **Björg Undebakke**
Kjersti Aasen



Hytteturen 12. juni 2021, foto Svein Aasen



Bygdedans frå Numedal vinteren og våren 2021 og 2022

8. november	28. februar
22. november	14. mars
6. desember	28. mars
20. desember	25. april
3. januar	9. mai
17. januar	23. mai
31. januar	20. juni
14. februar	

Desse mandagskveldane er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Brunsgt. 22. Vi startar klokka 19.30, og ønskjer velkomen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset
Spelemann: Kenneth de Gala

Kursavgift:
250,- for medlemmer
350,- for ikkjemedlemmer
40,- per enkeltkveld

Ved spørsmål kontakt Nils Øyvind Bergset: 416 39 567.

Kurset er støtta av Studieforbundet Kultur og Tradisjon.

Støtt Numedalslaget gjennom grasrotandelen

Numedalslaget i Oslo er nå registrert i Frivillighetsregisteret. Dette betyr at du også kan støtte laget gjennom grasrotandelen til Norsk Tipping.

Be kommisjonæren registrere organisasjonsnummeret: 995 067 781.



Folkedanskveldar vinteren 2021/2022

<u>November '21</u>		
07.	Numedalslaget / Bærum spelemannslag	Nordlandspols
14.	BUL / Samdanslaget	Songdans
21.	Symra / Symradern og Att og fram	Stildans
28.	SF-ringen / Østerdølene	Bingsjøpolska
<u>Desember '21</u>		
05.	Hordaringen / Bærum spelemannslag	Springleik
12.	Folkedansnemnda/Farande Fant/Fanteladdene	Juleavslutning
<u>Januar '22</u>		
02.	Ingen søndagsdans	
09.	Symra / Eiker spelemannslag	Sunnmørsspringar
16.	Numedalslaget / Farande Fant?	Nordlandspols
23.	Sogn og Fjordane ringen / Golaget	Bingsjøpolska
30.	Hordaringen / Østerdølene	Rørspols
<u>Februar '22</u>		
06.	Hallinglaget / Bærum spelemannslag	Hallingspringar
13.	BUL / Samdanslaget	Finnskogspols
20.	??????? / Feleboga	?????
27.	Sogn og Fjordaneringen / Steinsgårdskroken?	Bodapolska
<u>Mars '22</u>		
06.	Symra / Symradern og Att og Fram	Stildans
13.	Valdreslaget / Bærum spelemannslag	Tovdalspringar?
20.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
27.	Sogn og Fjordaneringen / Østerdølene	Bingsjøpolska
<u>April '22</u>		
03.	Symra / Elise med venner	Sunnmørsspringar
10.	Ingen søndagsdans - Palmesøndag	
17.	Ingen søndagsdans - 1. påskedag	
24.	BUL / Dølalæte	Havleik-danser
<u>Mai '22</u>		
01.	??????? / Farande Fant	???????
08.	Symra / Symradern og Att og fram	Stildans
15.	Ingen søndagsdans	
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	Ingen minikurs
22.	Hordaringen / Fanteladdene	Springleik
29.	Folkedansnemnda / Østerdølene	Ingen minikurs?

Følg med på www.bls.no for oppdatert oversikt.



numedalslaget i oslo

Medlemspengar for år 2022

Prisane er uforandra frå 2021. Medlemspengane for 2022 er:

Kr. 350,- for vaksne over 26 år

Kr. 150,- for born/vaksne 14 - 25 år

Kr. 50,- for born under 14 år

Kr. 175,- for bi-medlemskap (hovudmedlem i eit anna NU-lag)

Medlemspengane skal betalast til Numedalslaget i Oslo Nordahl Brunsgt. 22, 0165 Oslo **kontonummer: 0530 19 32474.**

For 2022 vert det ikkje sendt ut giro – treng du det ta kontakt med kasserar Svein Aasen



Hytteturen 12. juni 2021, foto Svein Aasen



numedalslaget i oslo




Hytteturen 12. juni 2021, foto Bjørg Undebakke



Hytteturen 12. juni 2021, foto Bjørg Undebakke



numedalslaget i oslo



Avsendar: Numedalslaget i Oslo, Nordahl
Brunsgt. 22, 0165 OSLO

Medlemsfordelar i Numedalslaget og Noregs Ungdomslag

- Reduksjon i pris på samkomer i Numedalslaget
- Reduksjon i pris på folkedanskveldane i Nordahl Brunsgt. 22. Kvar søndag er det gamaldans, og litt bygdedans, songdans og turdans frå kl. 19.30 – 22.30. Ofte minikurs i ein dans frå kl. 18.00 – 19.30. Sjå oversikt side 17 i Numedølen, lagsavisa vår.
- 20% rabatt på billetter på Det Norske Teateret i Oslo. Bruk rabattkode NU2021 for bestilling. Rabattkoden gjeld for to billetter per medlem.
- 20% rabatt på Comfort, Quality og Clarion-hotell i Noreg.
- 15% på Hotell Bondeheimen i Oslo.
- 15% rabatt på Kaffistova i Oslo. Vis fram medlemskort ved betaling.
- 10% rabatt på Heimen Husfliden. Vis fram medlemskort ved betaling.